

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 11.12.2008, 16:00 - 18:30
Møtestad: Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11

Styremøtet var lukka

Deltakarar frå styret:	Forfall frå styret:
Oddvard Nilsen	Aslaug Husa
Leiar	Medlem
Kari Oftedal Lima	Gunnar Berge
Nestleiar	Medlem
Helge Espelid	Arvid Langeland
Medlem	Varamedlem
Gisle Handeland	
Medlem	
Torhild Selsvold Nyborg	
Medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Gerd Dvergsdal	
Medlem	
Ohene Aboagye	
Medlem	
Gro Skartveit	
Medlem	
Nils P. Støiva	
Medlem	
Eli Moldeklev	
Medlem	

Deltakarar frå administrasjonen:	
Administrerende direktør Herlof Nilssen var til stades under behandlinga av sak 134/08 B og 135/08 B	

Saker:	
134/08 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
135/08 B	Styret si eigenevaluering
136/08 B	Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn for 2008
137/08 B	Pensjon - Helse Vest RHF

134/08 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Forfall:

Aslaug Husa hadde meldt forfall til møtet.

Arvid Langeland hadde og meldt forfall til møtet.

Ingen av varamedlemmene valt av og blant dei tilsette hadde moglegheit for å delta på møtet.

Gunnar Berge hadde meldt forfall til møtet.

Lukking av møte

Styreleiar orienterte om at møtet var lukka jf Off.l. § 5 1. ledd.

Administrerande direktør var til stades under behandlinga av sak 134/08 B og 135/08 B. Ingen andre frå administrasjonen var til stades i møtet.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

135/08 B Styret si eigenevaluering

Kommentarar:

God verksemdstyring inneber mellom anna at styret treng ein god eigenevaluering. Gjennom eigenevalueringa vil ein kunne få betre kunnskap om dei forhold som påverkar styret sitt arbeid, og ein vil kunne få auka grad av konsensus kring styret si rolle og arbeid og korleis det fungerer i dag. I tillegg vil eigenevalueringa synleggjere område som det er viktig å forbetre.

Revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF blei vedteken i styremøte 6. september 2006, sak 073/06 B. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerande direktør, jf. styreinstruks pkt. 4.2 anna og tredje avsnitt.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei vedteken i styremøte 14. desember 2007 – sak 126/07 B.

Vedtak (samrøystes):

Styret si eigenevaluering vart gjennomført i møtet.

136/08 B Vurdering av administrerende direktør og regulering av løn for 2008

Kommentarar:

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerende direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

Revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF blei vedteken i styremøte 6. september 2006, sak 073/06 B. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerende direktør, jf. styreinstruksen pkt. 4.2 anna og tredje avsnitt.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør blei vedteken i styremøte 14. desember 2007 – sak 126/07 B

Vedtak (samrøystes):

Vurdering av administrerende direktør vart gjennomført i møtet.

Administrerende direktør si løn vart regulert opp med 4,7 % med verknad frå 1. januar 2008.

.

137/08 B Pensjonsavtaler for administrerende direktør og andre medlemmer av leiargruppa i Helse Vest RHF

Vedtak (samrøystes):

Saka vart utsett. Det blir kalla inn til telefonstyremøte i desember 2008.

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 11. desember 2008

Sett:

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Inger F. Hamborg

Helge Espelid

Eli Moldeklev

Sett:

Aslaug Husa